

PROGRAM

RAUD VALALLIANSE

FÖRDE

1979 - 83



RV vil:

- Bruke kommunestyret for å støtte opp om folk sin daglege kamp for eit betre tilvere, og føre fram i kommunestyret folkelege krav og gjere kommunestyret ansvarleg for Førdefolks ve og vel.
- Bruke valkampen og kommunestyret til å påvise at kommunestyret fører en politikk i pengefolks interesse mot arbeidsfolk.
- Avsløre og motvirke korrupsjon og bakdørspolitik og kommunalt sløseri. RV sine representanter kjenner sitt ansvar nedover, ikkje oppover.

Kvaer RV:

Raud Valallianse er eit valsamarbeid mellom AKP(m-l) og partilause sosialistar.

Vårt mål er eit sosialistisk samfunn der arbeiderklassen har makta i staten og i produksjonen. I eit slikt samfunn vil ressursane kunn nyttast på ein planmessig og økonomisk måte, og det vil være slutt på den sløsing med menneskelege og materielle ressursar som kapitalismen har skapt. I Førde som andre stader er det to slags folk -borgarskap og arbeidsfolk -,RV stiller til valg for å fremme og stø arbeidsfolks krav i kommunestyret.

Dei fagorganiserte, husmora, småbrukåren, ungdomen og pensjonisten mangler idag ein uredde og rakrygga talsmann i Førde kommunestyre.

Fagforeningane og dei ulike lokale interesseorganisasjonene (grannelag, lokale aksjonsgrupper, elevråd ol.) er i dag drivande krefter mot ein borgarleg politikk. Våre representanter vil fremme saker i samarbeid med desse organisasjonene, og heile tida halde Førdefolk informert om kva som skjer i kommunestyret og den kommunale administrasjon.

RV lover:

- Å ta opp å kjempe for dei punktene som er nemde i programmet.
- Å informere og samarbeide med folkelege interesseorganisasjoner i deira krav overfor kommunen.
- Å konsekvent føre en politikk, i alle saker, på arbeidsfolks side.

ØKONOMI, ARBEIDSLIV

Den økonomiske krisa Noreg og dei andre industrialiserte landa er inne i skuldast ei overproduksjon av varer og tenester i forhold til marknaden, og vil under kapitalismen vere eit evig tilbakevendende problem.

Den økonomiske krisa fører med seg innstramminger og forverring i arbeidsfolks kår både i det private næringsliv og i dei offentlege (statlege og ikkje minst kommunale) tenester.

RV vil kjempe mot at byrdene av krisa blir lagt på arbeidsfolk, - men bare i et sosialistisk Noreg vil det vere mogleg å styre produksjonen etter behovet.

Kommunal stønad til dei fagforeiningar som kjemper for å bevare arbeidsplassane sine.

Ordrene fra statlege og kommunale instanser skal dirigeres til arbeidsplasser i fare.




Full offentlighet om bedriftsregnskaper og ordrebøker.

Ledighetstrygda opp til 90% av gjennomsnittslønna.

Full ledighetstrygd til alle som søker arbeid.

Øyeblikkeleg oppheving av lønstoppen, frie forbundsvis oppgjør i 1980.

Utvida bedriftshelseteneste, -inn i det offentlege helsevesen.



KVINNA SI ROLLE

Full kvinnefrigjering er fyrst mogleg når kapitalismen er avskaffa som system. Men RV vil alt idag delta ikampen for å styrke kvinna si stilling. Vi vil kjempe for retten til arbeid og for lik lønn for likt arbeid. Vi vil kjempe mot pornografi og kvinneundertrykkjande propaganda.

- Det må gjennom ansettelser sikrast at sjukehuset utfører abort.
- Fleire husmorvikarar i kommunen. Husmødre må få rett til vikar på lik linje med andre. Vikarordninga må bli gratis.
- Handhev forbudet mot hardporno.
- Fleire og betre betalte arbeidsplasser for kvinner.

BORNA

I Førde kommune er det idag behov for omlag 100-150 nye barnehageplassar. Det eksisterer idag ikkje planer om bygging av nye. Vie barnehage er fullt opp belagt med borna til dei tilsette ved SSSF.

- 96 nye plasser innen hausten 1980.
- Fylket overtar heilt Vie barnehage.
- Barnehagane leggest primert til bumilja.
- Inga auke i satsane. (Vårt mål er gratis barnehage på linje med gratis skulegang.)



Illustrasjonen er frå heftet BARN OG MILJØ Forbrukerrådet.z

BORNA forts.

Leiketilbodet i kommunen er forsømt, det er ikkje nok å sette opp ei sandkasse og ei disse og så tru at dette er fullverdige tilbod til borna.

Skuletilbodet er også dårleg i delar av kommunen; spesielt kan nemnast Haugum / Bergum-området. Ein skule i dette området er eit sjølv sagt krav no. Det vil og vere eit miljøskapande og stabiliserande tiltak.

Tilbod til skuleborn med foreldre på arbeid eksisterer ikkje.

- Kommunalt opparbeidete leikeplassar i alle bustadområde. som dekker bornas behov til trivsel og utføldelse.
- Utbygging av grendaskulene - SKULE PÅ HAUGUM NO.
- Leikesenter med kommunalt ansatte aktivitetsleiarar, (åpent etter skuletid til foreldre kjem heim frå arbeid)
- Trygge skulevegar, sykkelstiar og gangvegar.

SKULE / FRITID

Av dei skulepolitiske sakene vil vi legge vekt på følgjande:

- Meir vekt på faktisk kunnskap og ein kombinasjon av teoretisk og praktisk kunnskap.
- Mot utviskinga av fagskilja i yrkesskulen, og betre utstyr i dei yrkesretta skuleslaga.
- Full innfriing av kravet om nynøtske lærebøker til same tid og pris som bokmålsbøkene.
- Mot einskapsskule i Førde.
- Avskaffing av muntleg eksamen.
- Oppretting av en lånesentral for bøker i den vidaregåande skulen.

På bakgrunn av den prekære hybelstiasjonen krev RV at Fylket starter bygging av eit hybelhus innan hausten 1980.

RV går inn for ein kommunal ungdomsklubb der ungdomen sjøl rår, og oppretting av heildagsstilling for ungdomssekretar/fritidsleiar.

BUSTADPOLITIKK

Førde er i dei seinare åra blitt eit press-område, eit vekst-senter som det så fint heiter. dette har gjeve mange negative utslag for dei som bur i området. - Manglande tilbød for born, fritidstilbod for ungdom, aukande trafikkproblem, og ikkje minst bustadmangel og urimeleg høge bu-utgifter. Om ikkje denne negative utviklinga blir endra vil det slå tilbake med str sosial naud i framtida.

Dei offentlege styresmaktene og ikkje minst Førde kommune er ansvarleg for denne utviklinga. Kommunen fører ein ansvarslaus "går-det-så-går-det" politikk.

Med det presset som er på bustadmarknaden i Førde så skurrer entreprenørane, leverandørane og ymse eigarar prisen opp og kvaliteten ned. Folk må berre ta til takke om dei vil ha ein stad å bu.

- RV gjer kommunen ansvarleg for bustadpolitikken i Førde, og krev effektiv bygnings-/kvalitetskontroll og pris-kontroll.
- Senking av husbankrenta yil 2,5% og auke av låneramma.
- Byggjeverksemda må skje innafor ramma av arbeidsmiljølova.
- RV krev fleire bruer over Jølstra i Førde sentrum.
- RV krev stenging av hundvebakkgjelet.
- RV krev fleire gangveggar, fortau og sykkelstiar.

IDRETT

RV vil gå inn for ei forbetring av kåra til bedriftsidretten. RV går inn for opparbeiding av fleire idrettsanlegg rundt om i kommunen.

Det står at 73000.- for å få fullført dei idrettsanlegga som er under bygging og prosjektering. RV går inn for at pengane blir løyvde direkte over kommunebudsjettet og ikkje av dei midlane kulturstyret har til råvelde.


Rv går inn for å løyve midlar til å ta att grasbana, og legge nytt dekke på den når Krohnborg er restaurert.

RV går inn for 15% (no 7%) direkte tilskot frå kommunentil laga.

NATUR OG MILJØVERN

Rv går inn for ei fornuftig forvaltning av dei ressursane kommunen og landet har til råvelde. Norge produserer i dag onlag fem gonger så mykje olje i året som landet trenger. Vi har eit overskot på elektrisk kraft, og er ikkje inne i ei kraft-krise som enkelt hevder.

- Vern om Gaulavassdraget
- Inga utviding av den kraftkrevjande industri.
- Modernisering av eldre, småkraftverk.
- Industrien må leggja om til moderne og rasjonelle metodar.
- Energikjelder som trevirke og avfallsforbrenningsanlegg må takast i bruk.



JORDBRUK

Den langsiktige målsetjinga for RV er eit i hovudsak sjølvberga Noreg. For å nå dette er det naudsynt å krevje stogg i nedbygginga av jord som er dyrka. Det dyrka arealet som finst i Førde må vernast for framtida. Det må i tillegg sikrast eit minimum når det gjeld nydyrking.

JORDBRUK forts.

- Stogg i nedbygging av dyrka jord.
- I dei tilfelle det er uråd å hindra ekspropriering skal kommunen erstatta dyrka areal med tilsvarende oppdyrka areal.
- Stenað til nydyrking er først og fremst ei statleg oppgåve. Inntil staten har oppfylt denne plikta, går vi inn for at kommunen yter ca 500.- i tilskot pr. dekar.

Arbeidsforholda for den jamne vestlandsbonden er i dag under all kritikk. Kommunen må sjå det som sitt ansvar å, idet minste gjera retten til avlysing ved sjukdom reell.

- Arbeids- og lønsvilkåra må bli betre for landbruksvikarane, slik at yrket blir meir tiltrekkjande.

Utbyggingsplanane til Vestlandske Salslag har i lengre tid vore eit stridseple i kommunen. Vårt syn er at eit storanlegg av den typen V.S. ynskjet, for det første vil gå ut over dei andre anlegga. For det andre vil byggeomkostningane på bortimot 100 millionar, først og fremst bli ei br som leverandrane (bndene) må bra. Dette er RV imot.

- Eit nytt anlegg må byggjast på den noverande tomta i Førde sentrum.




DEN SIVILE BEREDSKAP

Faren for at Noreg skal bli dratt inn i den nye krig er større no enn nokon gong i etterkrigstida. Den siste tidas provokasjonar frå Sovjet mot norske trålarar i Barentshavet minner oss om at vi har ein aggressiv nabo.

Det vil i denne situasjonen vere uansvarleg å ikkje sette alt inn på å skåne befolkninga ved eventuelle angrep.

- Utbygging av tilfluktsromma slik at dei fyller dei seinaste krav til renscanlegg for luft og vatn.
- Betre øvelser - øvelser i evakuering.
- At antall gassmasker Sivilforsvaret har er i samsvar med innbyggartalet.



VANNRETT

1. Må vi snart forberede oss til
9. Gi bryst (omv.)
10. Bruk lensepumpa
11. Plate
13. Blant Kinas naboer
15. På norske fly
16. Kan starte en stor brann
18. Vær i vigør
19. Ting
20. Lede
22. Kvinnenavn i eleform
23. Ryster det kapitalistiske systemet
24. Uten forhøyninger
26. Vanskelig å rokke på
28. Utflukt
29. En slags forening
31. Vanskelig å bære for mange
32. Artikkel

33. Driver sitt spill i Midt-Østen
35. Som 2 loddrett
36. Effektivt, men energikrevende framkomstmiddel
37. I forbindelse med peisvarmen
39. Truer i-landene

LODDRETT

1. Glemmer karrierepolitikerne etter valget
2. Den blir mindre
3. Varm opp
4. Fin
5. Redskap i en sportsgren
6. Noe å plumpe i
7. Mesterskap
8. Ut av opplag igjen
12. Hadde USAs Andrew Young kontakt med

14. Brennstoff
15. I balalaika
17. Gammel skøyteløpers fornavn
19. Elendig
21. Fra grønnsakhagen
22. Likedan
25. Vaskemiddel

27. Også i banker og postkontorer
29. I Norge og Sverige i høst
30. Var ikke helt tett
33. Engelsk tittel
34. Norrøn gud
36. Send en innbydelse
38. Tone

PREMIE KRYSSORD

Løsningen sendes: Raud Valallianse,
Gunnar Strømsvik
Bergum 3 E
6800 Førde

- 1.premie - 3 lodd Penge lotteriet.
2.premie - 2 " " " "
3.premie - 1 " " " "

KOMMUNE - LISTA, FÖRDE



Gunnar Strømsvik, platearbeider
 Tom Farsund, platearb.
 Bodil Friis Strømsvik, husmor
 Rita Østensen, psykolog
 Berit Karin Løland Torpe, Yrkesskoleelev/husmor
 Øystein Bjørbekk, lærarskulestudent
 Karin Thorrud, sveiser
 Odd Arne Westin, sveiser
 Bjørn Cirotzki, platearb.
 Per Farsund, soldat
 Per Åmund Hauso, instruktør
 Knut Solberg, platearb.
 Britt Fjertoft, skuleelev
 Morten Søreide, Sveiser
 Reidun Huus, kommunearb.
 Magnhild Bruheim, student
 Gunnar Jørgen Furehaug, rørlegger
 Gunnar Wehle, telemontør

STEM RV